

Saksprotokoll

Organ: Kontrollutvalet

Møtedato: 27.02.2018

Sak nr.: 18/22-2
Internt l.nr. 10844/18

Sak: 7/18

Tittel: Årsplan kontrollutvalet 2018

Behandling:

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek framlagd årsplan til etterretning.

Endringsframlegg:

Kontrollutvalet ønskjer å bestille ny forvaltningsrevisjon i dette møtet. Etter felles diskusjon vart utvalet samde om å gjennomføre forvaltningsrevisjon innan HMT og inkluderande arbeidsliv.

Det vart semje om at ein slik forvaltningsrevisjon m.a. kan innehalde slike problemstillingar:

Har fylkeskommunen system og rutinar som sikrar etterleving av sentrale krav i regelverket når det gjeld arbeid med helse, miljø og tryggleik (HMT) og inkluderande arbeidsliv? Under dette:

- a) Har fylkeskommunen sentrale system, rutinar eller retningslinjer for korleis HMT arbeidet skal ivaretakast av einingane i fylkeskommunen?
- b) Er det fastsett mål for helse, miljø og tryggleik i fylkeskommunen og i dei einkilde einingane?
- c) Har fylkeskommunen oversikt over korleis ansvar, oppgåver og mynde for arbeidet med helse, miljø og tryggleik er organisert?
- d) Er det etablert eit felles system for kartlegging av farar og problem og vurdering av risikotilhøva i einingane i fylkeskommunen?
- e) Er det etablert rutinar for å utarbeide planar og for å sette i verk tiltak for å redusere identifiserte risikoar?
- f) Har fylkeskommunen rutinar som sikrar at verksemdene under planlegging og gjennomføring av endringar, vurderer om arbeidsmiljøet vil vere i samsvar med lovkrav, og blir det sett i verk naudsynte tiltak?
- g) Har fylkeskommunen etablert rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på HMT regelverket?
- h) Gjennomfører fylkeskommunen ei systematisk overvaking og ein gjennomgang av det systematiske HMT arbeidet for å sikre at det fungerer som føreset?
- i) I kva grad er det etablert ei verneteneste i samsvar med sentrale krav i regelverket?
- j) I kva grad er det etablert eit arbeidsmiljøutval som fungerer i samsvar med sentrale krav i regelverket?
- k) I kva grad vert inkluderande arbeidsliv ivareteke?

Leiar i kontrollutvalet får fullmakt til å sende bestilling til Deloitte som skal leggja fram forslag til prosjektplan i neste møte.

Avrøysting:

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan HMT og inkluderande arbeidsliv.
2. Leiar i kontrollutvalet får fullmakt til å sende bestilling til Deloitte med levering av forslag til prosjektplan til neste møte. Frist for levering til sekretariatet er 14.03.18.
3. Møte i kontrollutvalet 3.4.18 startar kl. 12.00.
4. Kontrollutvalet tek elles framlagd årsplan til etterretning.